



DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

24/869-

22. april 2024

Spørsmål nr 1787 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål:

Kan Samferdselsministeren forklare kvifor det frå regjeringspartia er hevda og fronta at det er lagt inn 1 milliard kr årleg i planperioden 2025-2030, til fornying og for å kunne ta igjen vegvedlikeholdsetterslepet på fylkesvegar, når tabell 13.5 i framlagt NTP viser noko anna, og kvifor er øyremerkta tilskudd til blant anna tømmerveg og militær mobilitet for fylkesvegane kutta frå dagens nivå på 0.4 milliard kr årleg til 0.3 milliard kr årleg?

Svar:

Auka på 1 mrd. kr er for heile fylkesvegprioriteringa. Tabell 13.5 på side 184 i Meld. St. 14 (2023–2024) *Nasjonal transportplan 2025–2036* viser ei auke frå 4,1 mrd. kr i budsjettet for 2024 til 5,1 mrd. kr i årleg gjennomsnitt snitt i perioden 2025–2030:

Tabell 13.5 Økonomiske rammer til fylkesvei. Mrd. 2024-kr

Formål	Budsjett	NTP, årlig gj.snitt	NTP, årlig gj.snitt	NTP, totalt
	2024	2025–2030	2031–2036	2025–2036
Rammetilskudd til fylkeskommuner, hvorav:	3,7	4,8	5,6	62,1
– opprusting og fornying av fylkesveinettet ¹	2,2	3,0	3,8	41,1
– ras- og skredsikring fylkesvei	0,9	1,1	1,2	13,8
– kompensasjon forskrift om tunnelsikkerhet	0,6	0,6	0,6	7,3
Øremerkede tilskudd ²	0,4	0,3	0,1	2,9
Sum prioritering til fylkesvei	4,1	5,1	5,7	65,0

¹ I budsjett 2024 er post 65 Tilskudd til fylkesveier, over Samferdselsdepartementets budsjett inkludert, for sammenlignbarhet med planperioden.


² Omfatter rentekompensasjon for transportiltak i fylkene, utbedring for tømmertransport og tilskudd for kritiske bruer for militær mobilitet på fylkesveinettet.

Til spørsmålet om dei øyremerka tilskota viser eg til side 184 i meldinga. Regjeringa har for planperioden prioritert desse tre øyremerka tilskota:

- *Kritiske bruar for militær mobilitet på fylkesveinettet.* Dette er ei ny ordning som vil innebere midlar til 14 identifiserte bruar på fylkesvegnettet i Buskerud, Innlandet, Trøndelag, Troms og Vestland. Regjeringa prioriterer totalt 600 mill. kr til dette i planperioden.
- *Utbedring på fylkesveier for tømmertransport.* Eksisterande ordning som blir vidareført og er prioritert styrka. Regjeringa prioriterer totalt 480 mill. kr i planperioden.
- *Rentekompensasjon for transporttiltak i fylka.* Eksisterande ordning er tilskot til fylkeskommunane knytt til tilsegn om rentekompensasjon gitt for åra 2010–2017. Ordninga blir vidareført med eit forventta redusert løyvebehov i planperioden. Dette forklarar kvifor summen for dei øyremerka tilskota går frå 0,4 mrd. kroner i 2024-budsjettet til eit gjennomsnittleg nivå på 0,3 mrd. kroner i perioden 2025–2030.

Dei fleste tala oppgitt i meldinga er avrunda til milliard med ein desimal. Det er grunnen til at det kan vere mindre avvik mellom dei ulike delsummane og totalsummen i tabellane.

Med hilsen



Jon-Ivar Nygård